



## Protokoll Fylkesårsmøte 2021 på Teams 14.06.2021 kl. 10.00-13.00

### Dei som møtte:

- 48 stemmeberettiga
- 26 lokallag
- 8 observatørar
- 3 lokallag hadde sendt inn tilslutning til sakene på førehand.

## Dagsorden

Val av møtestyrar: Nils Gjerland

Val av møtebokførar: Laila Hage og Kjell Sandnes

Val av 2 personar til å skrive under møteboka: Jan Ryste og Åsmund Rakke

Val av resolusjonsnemnd: Nils Gjerland og Kjell Sandnes

Val av teljekorps: Laila Hage

**Vedtak: Fylkesårsmøte godkjente dagsorden**

## Opning av Fylkesleiar Nils Gjerland

## Power point presentasjon av organisasjonssekretær Arne Halaas i Pensjonistforbundet

### Sak 1. Årsmelding

Dei som fekk taletid:

- Per Kjelstad
- Odd Øvregard
- Eiliv Berdal

Det vart kommentarar til statsforvaltarpengane.

**Vedtak: Fylkesårsmøte godkjenner årsmeldinga slik den ligg føre.**

### Sak 2. Rekneskap 2020

Dei som fekk taletid:

- Laila Hage

**Vedtak: Fylkesårsmøte godkjenner rekneskapen for 2020 slik den ligg føre.**



## Sak 3 Medlemsbladet «Røynsla»

Dei som fekk taletid:

- Magnar Falkenstein (Naustdal pensjonistlag) – alt. 2
- Per Kjelstad – alt. 2
- Turid Strand – alt. 2
- Odd Øvregard – alt. 3
- Solveig Sølvberg – alt 3
- Kjell Sandnes – alt 3. – med evaluering om 1-2 år.
- Inger Lind Aasen – alt. 3
- Olav Hellebø – alt. 2

Det vart gjort votering om fylkesstyret sitt framlegg med alternativ 3, opp mot Naustdal pensjonistlag sitt framlegg om alternativ 2.

**Vedtak: Fylkesårsmøte godkjente fylkesstyret sitt framlegg om alt. 3 som var å legge medlemsbladet på is og heller fokusere på regionale samlingar og lokallagsbesøk.**

**Alt. 3 fekk 40 stemmer mot 8 stemmer for alt. 2**

## Sak. 4 Årshjulaktivitet

Dei som fekk taletid:

- Olav Hellebø

**Vedtak: Fylkesårsmøte godkjenner årshjulaktiviteten for 2021**

## Sak. 5 Endring i honorar og møtegodtgjersle

Dei som fekk taletid:

- Magnar Falkenstein
- Laila Hage
- Per Kjelstad
- Eiliv Berdal
- Solfrid Fossberg

Honorarsatsane for fylkesleiar og møtegodtgjersle har stått stille i mange år. Fylkesstyret tilrår at vi aukar desse satsane med verknad frå 01.01.2021.

Fylkesleiarhonorar aukar frå 15 000,- kr til 30 000,- kr

Møtegodtgjersle for fylkesstyremedlemmane aukar frå 300,- kr til 650,- kr. pr. møte.

**Vedtak: Fylkesårsmøte godkjenner endringane i honorar og møtegodtgjersle for styremedlemmane med 46 mot 2 stemmer.**

## Sak. 6 Budsjett for 2021

Dei som fekk taletid:

- Laila Hage
- Eiliv Berdal

Eiliv Berdal kom med eit tillegg i budsjettet, som gjekk på å sette av 70 000 kr. i rekneskapen i år for å jobbe fram eit jubileumsskriv for å markere Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane sitt 50 års jubileum i 2022.

**Vedtak: Fylkesårsmøte godkjente budsjettet for 2021 inkl. tillegg om avsetning av 70 000 kr til eit 50-års jubileumsskriv.**

## Sak. 7 Resolusjonar

Dei som fekk taletid:

- Kjell Sandnes

5 resolusjonar er blitt framlagt for vedtak.

1. «**Samordningsfella**»
2. «**Rett til dagpengar og sjukepengar for eldre arbeidstakarar fram til fylte 72 år**»
3. «**Forhandlingsrett i trygdeoppgjeret for Pensjonistforbundet**»
4. «**Minstepensjon under fattigdomsgrensa**»
5. «**Pensjonistane sin tannhelsekostnader må innlemmast i eigenandelsordninga**»

### 1.«Samordningsfella»:

Offentleg tilsette fødd i perioden 1944 – 1962 får lågare tenestepensjon dess lenger dei står i arbeid ut over vanleg pensjonsalder på 67 år pluss levealdersjusteringa. Ved normal løn blir den årlege tenestepensjonen redusert med om lag to tusen kroner for kvar månad det vert jobba lenger enn normal pensjonsalder. I verste fall kan ein arbeidstakar ha arbeidd eit heilt liv i offentlig teneste, men ikkje få igjen éi krone i tenestepensjon, berre for å ha haldt fram i jobb vidare etter 67 år. Dette blir kalla «samordningsfella».

Samordningsfella rammar 20.000 eldre, som gjev sitt bidrag til oppfylling av arbeidslina ved å stå i arbeid ut over 67 år, men – som mange av desse fullstendig overraskande blir klar over – samstundes dag for dag arbeider mot ein stadig minkande tenestepensjon.

I desember 2020 vart eit forslag om å oppheve samordningsfella handsama i Stortinget, men utan at det vart fleirtal for det. Berre 16 representantar frå Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Raudt, samt éin uavhengig representant, røysta for, medan 70 representantar røysta mot.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane føreset at det openbert urimelege utslaget av samordningsreglane i pensjonssystemet frå 2011 vert fjerna, og at dei som har vorte ramma av samordningsfella, får den pensjonen dei burde ha krav på.

Arbeidslina for denne kategorien tilsette er ikkje liv laga med eit slikt urimeleg regelverk.

## **2. Rett til dagpengar og sjukepengar for eldre arbeidstakarar fram til fylte 72 år**

Til trass for at fleire jobbar lenger, har ikkje rettighetene som arbeidstakar følgt etter. I dag kan ein ikkje få dagpengar etter 67 år. Det har ramma mange det seinaste året, sidan fleire arbeidstakarar har blitt permitterte som følgje av pandemien.

Tilsette over 67 år har også svakare rettigheter når det gjeld sjukepengar. Mellom 67 og 70 år har ein avgrensa rett til sjukepengar, for ein kortare periode enn for yngre arbeidstakarar. Etter fylte 70 år har ein ikkje krav på sjukepengar frå folketrygda.

FrP har fremma eit forslag om å sikre rett til dagpengar og sjukepengar fram til fylte 72 år. Fleirtalet i Arbeids- og sosialkomiteen har i si innstilling til Stortinget 23. mars i år ikkje tilrådd dette, og vist til at også dette skal regjeringa sitt pensjonsutval vurdere. Utvalet skal levere si innstilling i 2022.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane meiner reglane bør endrast uavhengig av arbeidet i pensjonsutvalet, slik at eldre arbeidstakarar får styrka sine rettigheter til dagpengar og sjukepengar fram til fylte 72 år ved sjukdom og permittering.

## **3. Forhandlingsrett i trygdeoppgjret for pensjonistane sine organisasjonar**

Det finnst mange døme på aldersdiskriminering, men eit absolutt krystallklårt døme er at pensjonistar sidan 2011 er fråteken forhandlingsretten i trygdeoppgjret.

I februar vedtok Stortinget at pensjonistane sine organisasjonar skal få fleire årlege møte med regjeringa, og få forhandle om ein eigen pott med pengar som kan gå til ulike føremål, som kan vere auka bustønad, auka midlar til den kulturelle spaserstokken og liknande. Dette er sjølvsagt positivt, men pensjonen har vi framleis ingen innverknad på.

Pensjonspolitikkk handlar naturleg nok om rammene i trygdeoppgjret, men også om fordelingspolitikk innanfor rammene, til dømes ved eitt år å heve pensjonen til minstepensjonistar eller ei anna gruppe meir enn til andre pensjonistar.

Slik stoda er no, er det andre som vedtek korleis dette blir gjort, og dei det gjeld har ingen innverknad.

Alderspensjon er utsett løn, og det å kunne vere med å forhandle om eiga løn er ein viktig rett i eit demokratisk samfunn.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane vil gje uttrykk for at å nekte pensjonistane sine organisasjonar forhandlingsrett i trygdeoppgjret = aldersdiskriminering



#### **4. Minstepensjon under fattigdomsgrensa**

Einslege minstepensjonistar vil få ein varig auke av sin pensjon på 4000 kroner frå 1. januar 2021 som følgje av det såkalla «pensjonsforliket» i februar i år, og ein ytterlegare auke på 5000 kroner pr. år frå 1. juli 2021.

Dette er eit steg i riktig retning, men framleis eit langt lerret å bleike før ein eventuelt vil nå opp til EU si definerte fattigdomsgrense.

Denne er berekna å tilsvare 247.000 norske kroner. Den faktiske satsen i Norge før pensjonsforliket var 204.690 kroner.

Vi er klar over at eit minstenivå ikkje berre gjeld minstepensjonistar, men også andre med minstenivå i trygda, som til dømes uføre og einslege forsørgjarar.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane vil gje uttrykk for at det er uverdig ikkje å legge til rette for ei forpliktande, tidfesta opptrapping av minstepensjonen opp til EU si fastsette fattigdomsgrense, der ein samstundes ivaretek implikasjonane dette må få for andre grupper med minstenivå i trygda.

#### **5. Pensjonistane sine tannhelsekostnader må innlemmast i eigenandelsordninga.**

Tennene og munnen er ein del av kroppen vår, og god tannhelse er viktig for den samla helsetilstand. Tannlegekostnadane kan for mange bli betydelege, og må no bli jamstilte med legekostnader for andre deler av kroppen, og innlemma i eigenandelsordninga.

Dette er eit velferdskrav som Pensjonistforbundet har vore sett fram over lang tid, og som snarleg må finne si løysing

Pensjonistforbundet meiner at Stortinget må styrkje finansieringa av eigenandelsordninga, og innlemme tannpleie i denne, gjennom ein avtale med tannlegane.

Pensjonistane er den gruppa som har hatt den svakaste inntektsutvikling dei siste åra. Derfor ville det vere naturleg at denne omlegginga, som eit første steg, omfattar alle pensjonistar over 67 år.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane ser på dette som ei viktig velferdsreform.

**Vedtak: Fylkesårsmøte godkjente dei 5 resolusjonane slik dei låg føre.**



## Sak 8 Val til ulike verv

Valnemndsleiar Gerd Brekke la fram valnemnda si innstilling til fylkesårsmøte

### Fylkesstyret:

- **Nils Gjerland, leiar, Førde pensjonistlag** **Attval, valt for 2 år**
- Solfrid Forsberg, nestleiar, Leikanger pensjonistlag **Ikkje på val**
- **Eiliv Berdal, Eid pensjonistlag** **Attval, valt for 2 år**
- Eva Marie Halvorsen, Førde pensjonistlag **Ikkje på val**
- Solveig Norevik, Høyanger pensjonistlag **Ikkje på val**
- **Arne Rognaldsen, Flora pensjonistlag** **Ny, valt for 2 år**
- Jon Gimmestad, Gloppen pensjonistlag **Ikkje på val**

### Varamedlemmar:

- **1.vara Magny Liv Husetuft Myklebust, Selje pensjonistlag** **Attval, valt for 1 år**
- **2.vara Odd Øvregard, Årdal pensjonistlag** **Attval, valt for 1 år**
- **3.vara Aud Karin Netland, Gloppen pensjonistlag** **Attval, valt for 1 år**

### Revisorar:

- **Kjell Sandnes, Førde pensjonistlag** **Ny, valt for 1 år**
- **Leif Åberge, Årdal pensjonistlag** **Attval, valt for 1 år**
- **Vara: Bertil Meek, Naustdal pensjonistlag** **Attval, valt for 1 år**
- **Vara: Jostein Midtbø, Eikefjord pensjonistlag** **Attval, valt for 1 år**

### Valnemnda:

- **Per Ytrehus, leiar, Svelgen pensjonistlag (leiar)** **Attval, valt for 1 år**
- **Ragnhild Morland, Årdal pensjonistlag** **Ny, valt for 1 år**
- **Per Kjelstad, Gaular pensjonistlag** **Ny, valt for 1 år**
- **1.Vara: Anne-Karene Vederhus, Stadlandet pensjonistlag** **Ny, valt for 1 år**
- **2.vara: Anny Urtegård, Balestrand pensjonistlag** **Ny, valt for 1 år**

**Vedtak: Fylkesårsmøte godkjente valet slik det låg føre**



## Sak 9. Premiering av vervekampanje Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane

- ▶ Resultatet er rekna ut frå alle nye medlemmar i 2020 og 2021 (fram til mai) både i lokallaget og direktemedlemmar.
- ▶ Ein premiering for flest antal verva nye medlemmar  
Delt 1.plass:
  - Førde 42
  - Luster 42
- ▶ Ein premiering for flest prosentvis verva nye medlemmar
  - 1.pl. Leikanger 38% (det er kun gjort prosentvis på nye medlemmar, det er ikkje inkl. evt. nedgang i lokallaget dette året)
- ▶ Premien er kr 2000,- pr lag

Ref. Laila Hage

Jan Ryste

Møtebokunderskrivar

Asmund Rakke

Møtebokunderskrivar